



# Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Møterom, Ulvik herad, Sentrumsbygget  
Dato: 22.05.2024  
Klokkeslett: 18:00 – 21:00

## Tilstades på møtet

### Medlemmer:

Atle Ulgenes, Stig Yngve Røkenes, Kåre Olai Solheim, Johannes Sponheim,  
Trine Ludvigsen (varamedlem)

**Forfall:** Katrina Kvåle Hellesnes

**Referent/dagleg leiar:** Ole Rune Røkenes

## Saker:

**21/24: Meldingar**

**22/24: Eventuelt**

**23/24: Orientering v/styreleiar**

**24/24: Orientering v/dagleg leiar**

**25/24: Rekneskap 2023 - Revisjonsberetning**

**26/24: Inatur.no, hytter: Sperring eller opning for utleige 15.7-30.9  
(Søre Grøndal, Dyrahola, Ripsebu)**

**27/24: Småviltjakt 2024**

Publisert: 29.05.2024

## Underskrifter

Me stadfestar at møteboka er rett:

Atle Ulgenes/s/

Stig Yngve Røkenes/s/

Trine Ludvigsen/s/

Kåre Olai Solheim/s/

Johannes Sponheim/s/

## 21/24: Meldingar

### Saksdokument:

#### Postjournal:

- 2024.20.02-012.1. Rauland fjellstyre - Møtebok frå møte i Rauland fjellstyre 01.02.2024
- 2024.21.02-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport for Hordaland Røde kors, transport til Finsekurset, Dyranut-Finse, 23.02 og 03.03
- 2024.22.02-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Såta ved Låghelleren, inntil 2 turar, ved/proviant, G. Teigland
- 2024.22.02-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport Finse - Fokstsova ved Låghelleren, ved/gass/parafin, inntil 4 turar, T. Grini
- 2024.22.02-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport - Utmarksnæring, Osa - Hallingskeid, 2024-2025, Ulvik RKH
- 2024.27.02-012.1. Ullensvang fjellstyre - Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 20. februar.
- 2024.27.02-362.1. Statskog - Søknaad om boring etter vatn, oppsett av pumpehus, Rallvarvegen 2559, K. Pedersen
- 2024.28.02-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok frå møte i Øvre Numedal fjellstyre, 20.02.24
- 2024.29.02-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til bruk av skuter og trakkemaskin Viermyr-Hallingskeid, Viermyr-Ossete, 2024-5, O .H. Sævertveit
- 2024.05.03-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Invitasjon til vårmøte 13. april 2024, Lampeland
- 2024.11.03-012.1. Ulvik fjellstyre - Møtebok frå møte i Ulvik fjellstyre 26.02.2024, Årsmelding for 2023
- 2024.14.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport-Frå Hallingskeid st.-hytta ved Låghellervatnet, bagasje/utstyr,1 tur mars, Ø. Kleivdal
- 2024.14.03-012.1. Villreinutvalet for Nordfjella - Møtebok frå styremøte 11.03.2024, Årsmelding for 2023.
- 2024.14.03-434.4. Ulvik herad - Løyve til skutertransport - Finse-Lågheller, 1 tur 24.03.24, N. Luhr.
- 2024.14.03-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve for helikopter på Finse 20. april ifm Skarverennet
- 2024.15.03-012.1. Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok frå møte i ØN fjellstyre den 11.03.2024
- 2024.15.03-362.1. Statskog - Grunneigars tillatelse til utslepp av gråvann, festnr 96, Finse
- 2024.21.03-434.4. Ulvik herad - Skuter-løyve, transport utsyr frå Osa/Viermyr til Hallingskeid, inntil 3 turar t/r 22.3-30.4, H. Tjoflot
- 2024.21.03-434.4. Ulvik herad - Skuter-løyve, transport frå Finse stasjon - Sandå vaktarbustad, 2 turar t/r 27-31.03, T. Hope Bjørnstad
- 2024.21.03-434.4. Ulvik herad - Skuter-løyve, transport ved Osa/Viermyr - til hytte på Hallingskeid, inntil 4 turar 25-27.03, I. Jørstad
- 2024.21.03-434.4. Ulvik herad - Skuter-løyve, transport utstyr Hallingskeid - Lågheller, 23.3-01.4, 1 tur, Willy Karlsen
- 2024.21.03-434.4. Ulvik herad - Vedr. søknad om løyve skuterløyve, oppdrag for Ulvik fjellstyre. Inntil 5 turar pr år, 2024-25. A. Ulgenes
- 2024.25.03-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til skutertransport Viermyr - Oksabotn, 2024-2025, J. Sponheim
- 2024.25.03-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Innkalling til årsmøte 12. april 2024, Lampeland
- 2024.22.03-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - CWD og bestandsforvaltning villrein Hardangervidda
- 2024.22.03-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Bedre prøveinnsamling og data frå felt villrein.
- 2024.26.03-434.4. Ulvik herad - Vedr. søknad om skuterløyve, Oksabotn og dugnadsarbeid for Ulvik fjellstyre, J. Sponheim
- 2024.03.04-012.1. Ullensvang fjellstyre - Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre den 21.03.2024
- 2024.04.04-012.1. Ullensvang fjellstyre - Møtebok frå møte i Røldal fjellstyre den 18.03.2024
- 2024.16.04-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Årsmelding for 2023
- 2024.16.04-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Protokoll frå årsmøtet, 12 april, Lampeland
- 2024.17.04-434.4. Ulvik herad - Landingsløyve med helikopter, Finse. Ifm utbetring på hytte, 1 tur 29.4-31.5, Håvard Trønnes
- 2024.23.04-001.5. Villreinutvalet for Nordfjella - Møtebok frå årsmøte, Flåm den 11. april.
- 2024.24.04-127.0. Vestlandsrevisjon - Revisjonsberetning for 2023, Ulvik fjellstyre
- 2024.25.04-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til skutertransport, Viermyr-Sankebu, Austdalen, vinter 2024. Utstyr og ved. Nils T. Skjerdal
- 2024.27.04-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Endeleg kvoteforslag, villreinjakta 2024.
- 2024.30.04-001.5. Hardangervidda villreinutvalg - Innspel til høyring 23.04.24, St.mld om villrein
- 2024.03.05-434.4. Ulvik fjellstyre - Løyve til landing med helikopter, 1 landing, Vestre Rallarvegen 272, Finse. Utbetring vindauge, hytte
- 2024.07.05-001.4 Ulvik herad - Invitasjon til innspel til kommunedelplan, mangfald.
- 2024.08.05-001.5. Villreinemnda for Hardangervidda - Kvotvedtak villrein, Hardangervidda 2024.

### Saksutgreiing:

Orientering v/dagleg leiar om saker og meldingar sidan sist møte i fjellstyret 26.02.2024 og fram til dato for møtet.

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

---

### Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom meldingar og saker sidan sist møte. Dagleg leiar har sendt høyringsuttale til NVE der Statnett har søkt å byggje nye master for fiberkabel over ei strekning på ca 4 km frå Åsendalen over Lakjehøgda og like forbi demninga på Langavatnet. Masterekkja er planlagt sett opp parallelt med eksisterande straummaster (Sima-Samnanger). Det er planlagt byggjeperiode over to somrar i 2024 og 2025 (evt 2025 og 2026). Området ligg innanfor Ulvik statsallmenning og innanfor Hardangervidda villreinområde. I høyringsuttalen er det vektlagt bekymring for nedbygging «bit for bit» av fjellnatur i villreinområde, bekymring for levekåra til fjellrypebestanden i området, og byggjeaktivitet som kan uroa villrein og dyreliv elles.

Stig Y. Røkenes stilte spørsmål kvifor to av styremedlemmene har skaffa seg skuter-løyve i Ulvik statsallmenning. Andre i styret var ikkje kjent med dette. Leiar svarte at dette er gjort for å kunne gjere dugnadsarbeid for fjellstyret.

### Vedtak (sak 21/24):

Styret tok gjennomgangen til etterretning, med overnevnte merknader.

## **22/24: Eventuelt**

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

### Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

---

Referat:

Saker under «Eventuelt» vart handsama som siste sak.

Leiar tok opp arbeidet med utarbeiding av brosjyre, tilsvarande den Ulvik fjellstyre laga for perioden 2020-2023. Brosjyra er ein presentasjon av Ulvik statsallmenning, hytter, jakt og fiske, samt ein presentasjon av styret. Fjellstyret ynskjer å lage ei tilsvarande brosjyre for perioden 2024-2027. Dagleg leiar tek på seg arbeidet med å utarbeide ny brosjyre med oppdatert informasjon og bilete.

Leiar tok opp om fjellstyret kan framskynde garnfiske i Langavatnet med oppstart 1 juli. Styret drøfta saka. Fjellstyret har nylig gjort vedtak på å framskynde garnfiske i Langavatnet frå 1. august til 15. juli, samt å utvide slutten av sesongen frå 15. september til 30. september. Styret ynskjer å halde på dette vedtaket, då ein meiner det er viktig å gjera seg erfaringar gjennom sesongen 2024. Styret tek opp att denne saka, hausten 2024, etter at fiskesesongen er avslutta.

Vedtak (sak 22/24):

Styret tek opp att saka til drøfting hausten 2024, etter at fiskesesongen er slutt.

## **23/24: Orientering v/styrelleiar**

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Orientering v/styrelleiar.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

---

Referat:

Leiar orienterte om:

- Deltaking på møte ifm Skarvarennet, Finse, 27.02.2024.
- Møteverksemd i Hardangervidda villreinutvalg, inkl. ny samansetning av styret.

- Hardangervidda villreinutvalg sitt arbeid med forenkling av kontrollkort på villrein og betre rutinar for innrapportering mtp betre og meir nøyaktig statistikk i forvaltninga. Arbeidet er ikkje slutført og vil fortsetja neste år.
- Tidlegare fjellstyrekontor vart flytta ut i løpet av april månad og før oppseiingsfristen. Reol, permar og garnprøvesett er inntil vidare plassert i rom hjå Hardanger energi, Ulvik.
- Det er signert avtale om fast kontorstad, adr Øvre Skeie 12 i Ulvik for dagleg leiar. Avtalen er inngått mellom Fjellstyra på Hardangervidda as, Ulvik fjellstyre, og dagleg leiar.

#### Vedtak (sak 23/24):

Styret tok orienteringa til etterretning.

### **24/24: Orientering v/dagleg leiar**

#### Saksdokument:

- Samjaktavtale mellom Rauland statsallmenning og Ulvik statsallmenning.

#### Saksutgreiing:

Orientering v/dagleg leiar om drift og økonomi. Orientering om status for villreinjakta 2024, herunder kvotar, tildeling, og ny samjaktavtale mellom Rauland statsallmenning og Ulvik statsallmenning.

#### Framlegg til vedtak:

Ingen.

---

#### Referat:

Dagleg leiar orienterte om:

- Ny skriftleggjort samjaktavtale mellom Rauland statsallmenning og Ulvik statsallmenning.
- Kvotar for villreinjakta 2024 på Hardangervidda og Nordfjella, herunder antal kort som vert tildelt Ulvik fjellstyre for begge villreinområdene.
- Status på antal søknader om villreinkort, trekking og tildeling.
- Villreinkorta vert delt ut i slutten av juli/byrjinga av august.
- Status drift og økonomi, herunder status angående søknader om midlar.
- Skifte av rekneskapsfirma.
- Innspel frå Ulvik fjellstyre vedr Ulvik herad sin kommunedelplan om naturmangfald.

- Ny tilsetjing i Fjellstyra på Hardangervidda as. Eirik Vetrhus Dørheim er tilsett som fjelloppsyn og for drift av Ullensvang- og Røldal fjellstyre. Han byrjar i stillinga 1. juni.
- Tilsyn/feiing/arbeid/internkontroll på Ulvik fjellstyre sine hytter gjennomført i april, utført av tilsette ved Hardangervidda fjelloppsyn.
- Kort gjennomgang av møteplan for siste halvår 2024.

Vedtak (sak 24/24):

Styret tok orienteringa til etterretning.

## **25/24: Rekneskap 2023 - Revisjonsberetning**

Saksdokument:

- Revisjonsberetning 2023.

Saksutgreiing:

Revisor v/Vestlandsrevisjon har godkjent Ulvik fjellstyre sin årsrekneskap for 2023, utan merknader.

Framlegg til vedtak:

Ingen.

---

Referat:

Dagleg leiar gjekk gjennom Revisjonsberetninga for 2023. Revisor v/Vestlandsrevisjon har godkjent Ulvik fjellstyre sin rekneskap for 2023, utan merknader.

Vedtak (sak 25/24):

Styret tok orienteringa til etterretning.

## **26/24: Inatur.no, hytter: Sperring eller opning for utleige 15.7-30.9 (Søre Grøndal, Dyrahola, Ripsebu)**

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

Ulvik fjellstyre leiger ut 4 av hyttene sine på inatur.no. For å ivareta interesserte som er busett i Ulvik herad slik at dei har mogelegheit for å leige hytte, har fjellstyret dei siste åra sperra 3 av hyttene, Søre Grøndal, Dyrahola og Ripsebu for utleige på inatur i perioden 17.07 – 30.09 (gjeld ikkje Finsebu som ligg på inatur heile året). Innanbygds-buande er såleis gjeve fortrinnsrett, men dersom ei hytte har vore ledig, har denne vorte leigd ut 2-3 dagar i forkant til utanbygdsbuande jegrar og fiskarar. Stig Y. Røkenes i fjellstyret har hatt ansvar for denne ordninga alle somrane ordninga har vara. Arbeidet er gjort utan økonomisk kompensasjon. Dei siste 2 åra har utleige av desse 3 hytte i den sperra perioden (i tillegg til Memorgebu) gjeve inntekter på ca. 30 000,-.

Det vil høgst sannsynleg gje fjellstyret auka inntekter dersom S. Grøndal, Dyrahola og Ripsebu vert lagt open for utleige på inatur i perioden 15.07 – 30.09. Dersom ein vel dette, vil dette som konsekvens medføre auka behov for tilsyn og oppfølging.

Ein ber fjellstyret ta stilling til om ein vil opna opp for fri utleige på inatur i perioden 15.07 – 30.09 for hyttene Søre Grøndal, Dyrahola og Ripsebu, eller om ein ynskjer å videreføre noverande ordning med sperring og fortrinnsrett for innanbygdsbuande i perioden.

### Framlegg til vedtak:

Ingen.

---

### Referat:

Leiar orienterte om saka. Saka vart drøfta. Fjellstyret er uroa for at opning på inatur.no vil medføre auka utgifter (ved, gass, forbruksmateriell). Fjellstyret ynskjer å vidareføre noverande ordning. Fjellstyret oppmodar innbyggjarar i Ulvik å bruke utleige-hyttene så mykje som mogeleg. Stig Røkenes fortset som ansvarleg og kontaktperson for dette sommar-arbeidet på vegne av Ulvik fjellstyre. Det vert ikkje gjeve noko økonomisk kompensasjon.

### Vedtak (sak 26/24):

Hyttene Søre Grøndal, Dyrahola og Ripsebu vil framleis vera sperra for bestilling på inatur.no i perioden 15.07 – 30.09. Innanbygdsbuande vil ha fortrinnsrett i perioden. Stig Røkenes er ansvarleg og kontaktperson for arbeidet på vegne av Ulvik fjellstyre.

## 27/24: Småviltjakt 2024

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

Grunna usikkerheit med rypebestanden i 2022, valgte fjellstyret å stanse småviltjakta 14 dagar ut i jakta. I framkant av småviltjakta 2023 gjorde fjellstyret etter vurdering, vedtak om sal av eit avgrensa antal kort til utanbygdsbuande. Reduksjon i antalet kort var 35% samanlikna med 2022. For innanbygdsbuande var det fritt sal, då dette utgjør eit svært lite antal av kortsalet. Korta vart lagt ut for sal på inatur.no etter annonsert dato i forkant den 1. august. Jakttida var som tidlegare 15.09 – 23.12.

*Fjellstyret gjorde i 2023 vedtak slik:*

- *Skipanuten/Osafjellet jaktfelt: 7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt: 10 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *Finse sør jaktfelt: 7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *Nordfjella jaktfelt: 10 vekeskort 15.09-21.09 ) 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *I tillegg vert det lagt ut 3 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt.*
- *Etter 14 dagar ut i jakta vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta.*
- *Innanbygds-jegrar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jakt dag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.*

Erfaringane ein gjorde i etterkant av jakta i 2023, var samla sett gode. Eit avgrensa kortsal førte til lavare antal jegrar i fjellet og mindre jakttrykk, særskilt på fjellrypa som er den dominerande arten. Totalt sett vart antalet jakt døgner redusert, og antalet felt vilt også redusert. Jakt døgner totalt var 296 i 2022, og 275 i 2023. Antal felt fjellrype var 155 stk i 2022 og 113 stk i 2023. Inntektene frå kortsalet var kr. 112 944,- i 2022, og 135 000,- i 2023. Fjellstyret har (jf vedtak av 26.02.2024) auka kortprisane på småviltkort gjeldande for jakta 2024.

### Framlegg til vedtak:

Med henblikk på dei gode erfaringane fjellstyret har gjort etter evaluering av småviltjakta i 2023, viderefører fjellstyret kortsalet for jakta 2024, lik som for jakta i 2023:

- *Skipanuten/Osafjellet jaktfelt: 7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt: 10 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *Finse sør jaktfelt: 7 vekeskort (15.09-21.09). 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *Nordfjella jaktfelt: 10 vekeskort 15.09-21.09 ) 10 vekeskort (22.09-28.09)*
- *I tillegg vert det lagt ut 3 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt.*
- *Etter 14 dagar ut i jakta vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta.*
- *Innanbygdsjegrar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jakt dag. Desse korta gjeld i heile Ulvik Statsallmenning.*



Med overnevnte ordning, meiner ein å ha funne ein god balanse med når det gjeld jakttrykk og forsvarleg uttak slik at ein ivaretek ei god forvaltning av småviltbestandane.

Dato for opning av kortsal på inatur.no vert annonsert god tid i forkant på Ulvik fjellstyre sine facebook-sider og nettsider. Korta vert lagt ut for sal i byrjinga av august 2024. Jakttid er som før, 15.09 – 23.12.

---

#### Referat:

Leiar orienterte om saka. Dagleg leiar gjekk gjennom erfaringar etter småviltjakta 2023, herunder jaktrapportar, observasjonar før og under jakta, samt dei vurderingar som ligg bak framlegg til vedtak for småviltjakta 2024.

#### Vedtak (sak 27/24):

Fjellstyret støtta framlegg til vedtak. Jaktkort jf framlegg vert lagt ut for sal på inatur.no i månadsskiftet juli/august 2024. Kortsalet vert annonsert i forkant.

Fjellstyret vil kunne gjere ei ny vurdering opp mot eventuell freding, dersom det framkjem opplysningar gjennom sommar og haust som gjer det naudsynt å vurdere dette.

«Bag-limit» på rype er som tidlegare – pr jeger: Inntil 2 pr dag, inntil 5 pr veke, inntil 8 pr sesong. Jakttida er 15.09 – 23.12.